

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 5

Herad: Randaberg

Emne: Vassbering

Bygdelaq:

Oppskr. av: T. Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Kvar gard i Randaberg har - og har hatt - sin "bronn". Dei var vanleg 4-6 meter djupe, mura med gråstein. Ein bar vatnet i "vassel". Den var utholka for skuldrene og for halsen. Den av husfolket som var ledig, bar vatnet inn. Ikkje so få hadde pumper.

I dei seinare år har mange installert elektriske pumper med trykksisterner. I 1953 har bygdi fått eige vassverk. Heilt ferdig er det nok ikkje enno.

Eg har ikkje nokon gong hørd om at vassberinggi var noke stort problem i mi bygd, i all fall ikkje slik som det må ha vore andre stader i landet, um ein skal døma etter all den jammers klage ein les om i avisene

Tilleggsspørsmål til nr. 5.

Ukjendt.

8591